

Vågsbotn sør skogsveg

Risnes 72,

5937 Bøvågen - tlf 93046084 - Org nr. 982263794

Alver kommune,

Dato 18. mai 2020.

I VEDTAK PÅ ÅRSMØTE 04. MARS 2020 VART STYRET OPPMODA OM Å TA SKRIFTLIG KONTAKT MED ALVER KOMMUNE OM FYLGJANDE :

«Årsmøte ber styret sende en skriftlig henvendelse til Alver kommune og be om hjelp til å avklare hvordan kostnader til vedlikehold av Vågsbotn sør skogsveg skal fordeles og hvilke lover som regulerer dette».

Vedtaket vart gjort med 7 av i alt 12 frammøtte stemmer og fullmakter.

I tillegg vart styret oppmoda av årsmøte om skriftleg å etterlysa tidlegare oppmoding om ny utrekning av nytteverdi for den enkelte medlem der veglengden er med.

Årsmøte oppmoda òg styret om å setja ein frist for skriftleg svar frå Alver kommune og synte til forvaltningslova.

Styret sit denne fristen til 30. september 2020.

Styret kjem hermed med ei orientering om det me oppfattar som bakgrunn for vedtaket :

1: historie og 2 : dagens situasjon :

1 : Historie :

Frå tidleg 1960 tal var det samarbeid om grøfting, planting og etablering av jordvegar i utmarka til Innsylta, Villanger og Risnes.

Det heile vart organisert av skogreisingsleiaren i Radøy, Ole Kolås, som tok direkte kontakt med den enkelte skogeigar.

Tidleg på 1980 talet vart det så skipa eit lag med styre. Dette måtte til for å få utbetalt tilskot til fellestiltaka m.a. veg. Det fyrste styret var : Konrad Sylta, Ole Kolås og Kristen Risnes . Det vart grøfta, planta , tynna og bygd skogvegar i fleire etappar. Dette var òg i godt samarbeid med skogetaten i Nordhordland.

I Brønnøysundregisteret har laget skipingsdato 01.12.1989.

Registreringsdatoen i registeret er 12.09.2000 og laget fekk organisasjonsnummer 982 263 794.

Møtet der det vart bestemt å byggja «nyevegen» var 7. oktober eller 19 dagar seinare.

Organisasjonsforma i registeret står framleis : *Forening/lag/innretning.*

Tilskotet til nyevegen på 80 % av kostnaden og refusjon av moms vart utbetalt til dette laget.

7. oktober i 2000 vart det så det bestemt å byggja «nyevegen» på ca. 2 km. Sjå vedlegg 1: «referat frå dette møtet».

Forslaget til kostnadsfordelinga på det enkelte bruk vart utarbeidd av landbrukskontoret i Lindås saman med styret i veglaget som var slik samansett : Kristen Risnes, Jarle Villanger og Edgar Grindheim. Forslaget vart vedteke. Sjå referat frå møte.

Under bygginga frå prosjektering til ferdig veg vart styret leia av Magnar Øyhovden.

Vegen var ferdig i 2001 og offisielt opna i 2002.

I 2006 vart det vedteke ein vegavtale for bruken av vegen. Sjå «vedlegg 2».

Som det går fram er avtalen bestemt å skal vera vedtekter for laget. Dette er stadfesta med vedtak på årsmøte seinast i 2018.

Den vert òg etter kvart påført årsmøtevedtak som medlemne og styret har å styra etter.

Fram til 2010 klarde me å dekkja utgifter til vedlikehald med inntekter frå tømmertransport over vegen. Dette i samsvar med den opphavelige vegavtalen.

Men dette minka etter kvart og på årsmøte dette året vart det bestemt at alle medlemar skal betala inn eit likt beløp på kr. 300,- pr. år som medlemsavgift for å dekkja utgifter til vedlikehald.

Dette vedtaket har aldri vore strid om.

Saman med god dugnadsinnsats har me klart å halda vegen i stand med denne avgifta og året 2020 startar 01. januar med ca. 57.000,- på konto. Hadde me leigd dette arbeidet, hadde kontoen vore langt i minus.

Ved større utbetring / investering skal medlemne kallast saman sjå pkt 3 - 3. ledd i vegavtalen. Dette har til denne tid ikkje vore turvande grunna stor dugnadsinnsats.

I 2018 kom det fram misnøye med at berre nokre få av medlemne møtte på dugnaden. Nokre av dei som ikkje hadde høve til å vera med, kom med ynskje om å få gjera opp for seg og sin manglande dugnadsinnsats. Dette kom både frå dei som har stor og liten % del i vegen.

På årsmøte i 2019 var det difor ei sak på saklista som heitte «Oppgjerd for dugnad».

Etter styret si orientering om verdien av utfordt dugnad i 2017 og 2018 kom det framlegg om at dei som ikkje hadde delteke på dugnad i 2018 skulle betala kr. 1.500,- for 2018. 2017 var ikkje på tale å gjera opp for. Verdien kom fram etter ein timepris på kr. 100,- og skal etter vedtaket ikkje betalast til den enkelte, men til laget sin bankkonto.

Etter fleire spørsmål frå ordstyraren vart det gjort eit samrøystes vedtak her. Vedtaket er stadfesta saman med referatet med underskifter av dei valde på årsmøte.

I ettertid vert det framstilt av eit mindretal som at vedtaket ikkje var «omforentlig» og at det var påført eit urimeleg krav på eit mindretal og vist til sameigelova § 4. Ikkje berre ordstyraren og skrivaren, men og dei to valde medlemmane som stadfesta rett protokoll frå møtet føler me dermed er skulda for feil referat.

I juni 2019 var det kalla inn til medlemsmøte på denne saka og tilbydd å kalla inn til omframt årsmøte for om mogeleg å gjera om på vedtaket. Dette var ikkje ynskjeleg frå mindretalet, men det styret oppfattar som forsøk på å instruera styret til å gjera om på årsmøtevedtak held fram.

2 : Dagens situasjon :

Det noverande styret som overtok hausten 2016 held seg til det som er normalt for lag og som har vore praktisert før me tok over.

Det vil sei å halda oss til vegavtalen / vedtektene og **vedtak i årsmøter som er overordna organ i slike lag**. Dagleg drift av laget gjer styret òg etter dette.

Eit mindretal er usamd i at laget sine vedtak i årsmøter og vedtekter er bindande og prøver som fortalt å instruera styret til gjera om / reversera årsmøtevedtak med å visa til at :

- sameigelova er laget si lov.
- Det vert i tillegg vist til Norges lover
- Grunnlova
- Ei ny lov frå 01.01.2016 som overstyrer alt som har med skogsvegar å gjera. Kva lova heiter er det ingen som kan gjera greie for.
- Veglova
- Forvaltingslova

Det heile «toppa seg» med svært ulike syn på årsmøte onsdag 04. mars under ei innkomen sak.

Av denne saka kjem det fram at styret ikkje fylgjer dei lover som gjeld for vegen og viser til sameigelova. Denne påstanden har kome fram fleire gonger før både i epostar og elles på møter. Under drøftingane kjem det no i tillegg ein ny påstand om at veglova er den gjeldande lova for vegen og at denne heller ikkje vert fylgd. I tillegg den omtalte lova frå 2016.

Under drøftingane vart det sett fram eit forslag om å setja ned ein komitè med formål å justera vedtektene våre. **Eit medlem kom med klar melding om at nye vedtekter er heller ikkje noko han vil føla seg bunden av.** Dette vart difor ikkje noko av.

I den innkomne saka var det eit framlegg som skulle røystast over :

«Utgifter/kostnader til vedlikehold av skogsveien skal følge sameieloven der utgifter fordeles i henhold til partsdelene i %» .

Årsmøte røysta over dette framlegget som fekk 2 av i alt 12 frammøte røyster medrekna fullmater.

Framlegget vart dermed nedstemt.

Styret sette slikt framlegg til røysting : «*Laget skal drivast vidare som lag etter vedtektene og årsmøtevedtak*».

Styret sitt framlegg fekk 7 av 12 stemmer og vart dermed vedteke. Normalt vil dette vera eit bindande vedtak.

Men dette vert nok ikkje akseptert av alle.

Til sist vart det under denne saka sett fram forslaget som er opphavet til denne oppmodinga til kommunen.

På spørsmål om alle ville retta seg etter svar frå Alver kommune var svaret frå eit medlem ***eit klart nei.***

Veglaget samla eller kvart medlem har ansvar for at vegen vert halden ved like i samsvar med vilkåra ved tildeling av tilskot. Styret meiner òg at det kviler eit ansvar på oss dersom nokon skulle skada seg eller sin eigedom ved normal bruk av vegen og dette kan til skrivast manglande vedlikehald. Vegbommen er etter styret si oppfatning ei klar hjelp til å avgrensa dette ansvaret.

Den sterke oppmodinga frå styret si side om vedlikehald, det vil sei å delta på dugnadsarbeidet anten i form av fysisk arbeid eller å betala for manglande innsats er nettopp for å ta dette ansvaret på alvor.

Styret ser ingen problem med å styra vegen som eit lag dersom det vert slege fast at vedtektene og årsmøtevedtak er det overordna og at alle må retta seg etter dette.

Villanger / Innsylta / Risnes i mai 2020

I styret

Jarle Villanger(s) Edgar Grindheim(s) Kristen Risnes(s)

Vedlegg :

- 1 Referat frå møte 7. oktober 2000
- 2 Vedtekter – vegavtale osv